


NotatDato: 31.05.2018
Arkivsak: 2018/8513-16
Saksbehandlar: jomragn

Til: Cathrine Grasdal


Frå: Jomar Ragnhildstveit

Kommunedelplan Rongøy - Innspel skjelsand**Råstoffutvinning – skjelsand**

Ifølgje høyringsdokumenta skal kommunedelplan Rongøy, som er på høyring, erstatte gjeldande kommuneplan (2014) for det geografiske området den gjeld. Plankartet i gjeldande kommuneplan (2014-2022) viser eit område med førsteprioritet for masseuttak skjelsand (SKJ) i Rongesundet. På området der er det ein eksisterande skjelsandkonsesjon, men området er ikkje vist på plankartet til kommunedelplan Rongøy, sjå kartutsnitt frå begge planane nedanfor.



Kartutsnitt: Kommuneplanen sin arealdel.



Kartutsnitt: Kommunedelplan Rongøy.

I høyringsdokumentet «Kommunedelplan Rongøy – planrapport med konsekvensutgreiing», står det under overskrifta «Rådmannen sine kommentarar til merknaden i høve til planforslaget datert 2012:»

Det er ein feil i kartet i Rongesundet – der området for opptak av skjelsand er avmerka som området for akvakultur. Dette bør endrast både i kart og føresegner slik at opptak av skjelsand kan vidareførast.

Vurdering

Fylkesrådmannen er glad for rådmannen sin kommentar over, om feilen i kartet i Rongesundet, og at kart og føresegner der bør endrast slik at opptak av skjelsand kan vidareførast. Fylkesrådmannen kan elles ikkje sjå at skjelsand har vore eit plantema.

Det kan likevel tenkjast at denne rettinga ikkje vert vedteken politisk i kommunen. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkeskommunen knyter motsegn til dette punktet dersom ikkje rådmannen sine kommentarar ovanfor vert etterkomne. Her følgjer nærare vurdering og argumentasjon for motsegn:

Vurdering i forhold til motsegn

Fylkeskommunen er delegert konsesjonsmyndigheit for uttak av skjelsand i meihald av kontinentalsokkellova. Retten til uttak av skjelsand ligg til staten, og uttak skjer frå det «eigarlause» sjøområdet. Staten har fastsett sentrale retningslinjer for fylkeskommunen si konsesjonsbehandling. Fylkeskommunen kan ikkje gje konsesjon for uttak av skjelsand i strid med bindande arealplan, med mindre det aktuelle planmyndet (kommunen) samtykkjer. Etter reglane kan konsesjon for uttak av skjelsand gjevast for inntil fem år, med høve til å søkje om forlenging. Det vert viktig å sjå kontinentalsokkellova i samverknad med plan- og bygningslova. Planlegginga etter plan- og bygningslova må vere forsvarleg.

Hordaland er det klart største skjelsandfylket i landet, og Øygarden er den klart største skjelsandkommunen. Selskapet Roslagen AS har konsesjon for uttak av skjelsand frå det aktuelle området i Rongesundet. Det har vore konsesjon for uttak av skjelsand der i mange år, med rapporterte uttak i 1997, 1999-2000, 2002-2005, 2009-2014 og 2016. Selskapet Roslagen AS søkte om forlenging av skjelsandkonsesjonen sin i Rongesundet i brev til fylkeskommunen datert 04.02.2016. Fylkeskommunen sendte søknaden på høyring til dei obligatoriske høyringsinstansane i brev datert 03.03.2016 (vår ref. 2014/10101-8). Ingen av høyringsinstansane som svarte hadde innvendingar mot omsøkte forlenging. Øygarden kommune gav ikkje fråsegn ved høyringa. Hordaland fylkeskommune har deretter gitt mellombels forlenging av skjelsandkonsesjonen i Rongesundet, sist i brev datert 12.09.2016.

Konklusjon

Fylkesrådmannen føreset, i samsvar med merknad frå rådmannen i Øygarden kommune vist ovanfor, at plankart og føresegner vert endra slik at opptak av skjelsand frå konsesjonsområdet i Rongesundet kan vidareførast. Fylkesrådmannen rår til å knyte motsegn til dette punktet, dersom det ikkje vert etterkomne.